



Hordaland barne- og ungdomsråd  
Postboks 408 SENTRUM  
5805 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

22 JAN 2015

Bergen 19.01.2015

Hordaland fylkeskommune  
v/Fylkesrådmann Rune Haugsdal  
PB 7900  
5020 Bergen

Dykkar referanse: 2014/986-13

## **Ber om tilbakemelding vedrørende saksgang i tildeling av oppdrag som teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015.**

Styret i Hordaland barne- og ungdomsråd (Hbur) syner til brev frå Kultur- og idrettsavdelinga hjå dykk til styreleiar i Hbur datert 02.12.2014, men først motteke av Hbur per e-post den 12.01.2015. Dei har der informert oss om at dei har bestemt at samarbeidspartnar/teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015 skal vere AKKS Bergen.

Hbur reagerer på ein svært uryddig saksgang frå Kultur- og idrettsavdelinga si side, der me oppfattar at munnlege avtaler og lovnader er brotne, og der mykje av sakshandsaminga har vore lukka for oss utan at me forstår kvifor. Som medarrangør av UKM i meir enn 20 år er me overraska over måten Hbur er behandla på denne hausten. Me vil under gi ei kort oppsummering av prosessen fram til no.

- Vår og sommar 2014: Hordaland Fylkeskommune (HFK) tar over som fylkeskontakt for UKM. Hbur får munnlege signal frå fylket om at dei ønskjer Hbur med vidare i arbeidet med UKM, men no berre som teknisk arrangør.
- Sommar og haust 2014: Hbur deltek på mange planleggingsmøte og andre aktivitetar knytt til arrangementet UKM Hordaland 2015 med Kultur og idrettsavdelinga utan å få noko særskilt godtgjering for dette arbeidet. Godtgjering for dette arbeidet vart rekna som del av "UKM-godtgjeringa" me skulle få tildelt frå HFK på budsjettet for 2015.
- 07.10.14: Hbur er i møte med Kultur og idrettsavdelinga. Det er ein god dialog og felles oppfatning av å få på plass ein formell samarbeidsavtale om arbeidet med å vere teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015-2016. Siste avtaleutkast frå HFK vart motteke på e-post den 20.10.14 (vedlegg 1).
- 04.11.14: Nytt møte med HFK. Hbur har no laga eit samandrag over dei oppgåver som teknisk arrangør vil utføre, samt oversikt over estimert timeforbruk for desse oppgåvene ut frå tidlegare års erfaring. Hbur er beden om å gjere det av di me kjenner godt til arrangementet etter å ha vore teknisk arrangør i over 20 år.  
Me oppfattar på dette tidspunkt at Hbur og HFK no er einige om kva oppgåver teknisk arrangør skal ha. Det som gjenstår er å bli einige om kva storleiken på honoraret Hbur skal

få for å utføre oppgåva. Kultur- og idrettsavdelinga har føreslege kr. 100 000,- i årleg honorar. Me meiner derimot at riktig sum utifrå estimert timeforbruk til dei oppgåvene, som me er einige om skal vere Hbur/teknisk arrangør sitt ansvar, vil utgjere kr. 160 000,- årleg for UKM Hordaland 2015-2016.

Me gav i møtet uttrykk for at me kan møte dei på halvvegen på differansen mellom beløpa dersom me er restriktive med timeforbruk på møter osb. Dei kunne ikkje gje oss svar på det økonomiske spørsmålet i dette møtet, men dei gav oss munnleg tilbakemelding om at svar på dette spørsmålet ville kome i løpet av ei veke.

HFK er kjend med at det har vore utskiftning av ansatte i Hbur siste året. HFK gjev i møtet uttrykk for at Hbur har ansvaret for å stille med naudsynt og kompetent personell til UKM Hordaland 2015. Umiddelbart etter møtet tar Hbur difor kontakt med og kjem i dialog med ein person som me vil engasjera som vikar for å jobba særskilt med UKM Hordaland 2015. Seinare same dag gir leiar i Hbur ved personleg oppmøte hos HFK munnleg informasjon til Kultur- og idrettsavdelinga om at me er i dialog med denne personen, og får positiv tilbakemelding på dette. Personen vert formelt tilsett som vikar hos Hbur i byrjinga av desember.

- Etter møtet den 04.11.14 er det mykje korrespondanse på e-post der me har purra på eit endeleg svar. Det einaste svaret me får frå fylkeskommunen er at det enno ikkje er teke noko avgjerd (vedlegg 2).
- 03.12.14: Etter fleire purringar får Hbur per e-post beskjed om at fylkeskommunen no ser etter andre arrangørar, og at endeleg avgjersle om kven som skal vere teknisk arrangør ikkje er tatt. Dette er fyrste gongen me vert gjort merksame på at fylkeskommunen også vurderer andre arrangørar (sjå vedlegg 2). Før denne tid har me tilsatt ny vikar, nettopp for å kunne vere med og arbeide med UKM Hordaland 2015, i den tru at me og fylkeskommunen hadde ein munnleg avtale om at me skulle vere teknisk arrangør.
- 19.12.14: Før jul høyrer me via andre at AKKS Bergen skal ha fått i oppdrag å vera teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015. Me har enno ikkje fått noko tilbakemelding frå fylkeskommunen på siste avtaleutkast motteke den 20.10.14. Nestleiar i Hbur ringjer Kultur og idrettsavdelinga v/Ronny Skaar og Marianne Ose Askvik og ber om ei rask avklaring, då det vil ha mykje å seie for budsjett og drift av Hbur kor vidt me skal stå som teknisk arrangør av UKM Hordaland 2015 eller ikkje. Nestleiar blir fortald at endeleg avgjersle enno ikkje er tatt, og at fylkeskommunen for så vidt står «fritt til å bruke så lang tid dei vil på denne avgjersla». Me får likevel forståing for at ei rask avklaring er viktig for Hbur. Ein skulle tru dette også var viktig med omsyn til sjølve arrangementet.
- 12.01.15: Hbur får etter purring per telefon frå administrasjonen i Hbur endeleg skriftleg tilbakemelding frå fylkeskommunen med svarbrev datert 02.12.14. I brevet står det at Kultur- og idrettsavdelinga etter ein *«grundig prosess... har bestemt at UKM Hordaland 2015 vil bli arrangert med AKKS Bergen som samarbeidspartnar. Hordaland fylkeskommune vil kome attende til ei ny vurdering for eit eventuelt samarbeid med Hordaland Barne- og Ungdomsråd for UKM Hordaland 2016.»*

Ut frå vår vurdering, så ser dette ut til å ha vore ein noko uryddig prosess, og me har tilsette ved vårt kontor som me og lyt ta omsyn til. Me har difor følgjande spørsmål til fylkesrådmannen:

- Me har alle i styret og administrasjon i Hbur ei klar oppfatning av at Hbur og fylkeskommunen hadde ein munnleg avtale, der ein og kan syna til ein fast budsjettpost i fylkeskommunen sin budsjettplan dei siste 10 – 15 åra, om at Hbur skulle vere teknisk arrangør av UKM Hordaland 2015. Det vart ikkje gjeve noko signal i anna retning verken i møter, e-postutvekslingar eller samtaler før i e-post datert 03.12.14. Kvifor blir me først gjort oppmerksame på at andre aktørar blir vurdert i e-post 03.12.14?



- Kvifor blir det kommunisert tydeleg per e-post og i telefonsamtalar fram til 12.01.15 at ei endeleg avgjerd ikkje er tatt, når denne avgjersla i svarbrev frå Kultur- og ressursavdelinga verkar å vere tatt allereie 02.12.14?
- Dersom andre arrangørar/aktørar først vart vurdert etter siste møtet mellom Hbur og fylkeskommunen 04.11.14: Betyr dette at fylkeskommunen har brukt dei dokumenta Hbur utarbeida, med oversikt over estimert timeforbruk og kva arbeidsoppgåver teknisk arrangør vil ha med å gjere, til å hyre inn ein annan arrangør til UKM? Hbur meiner det er svært alvorleg dersom HFK på nokon som helst måte har brukt Hbur si oversikt på estimert timeforbruk og arbeidsoppgaver for teknisk arrangør i arbeidet med å skaffe ein anna teknisk arrangør.
- Hbur har på vegne av HFK vore arrangør av UKM Hordaland i over 20 år, utan at det har eksistert nokon skriftleg samarbeidsavtale. Me har difor full forståing og er einige med HFK om at det var naudsynt å få på plass ein formell avtale. Når Kultur- og idrettsavdelinga no har valt å setje vekk arbeida som teknisk arrangør av UKM Hordaland til ein annan aktør, vil dei eksterne kostnadane for dette arbeidet etter våre utrekningar overstige kr. 100 000,-. Har HFK følgd innkjøpsregelverket for offentlege anskaffingar i denne anskaffingsprosessen?
- Dersom Hbur igjen er aktuell som teknisk arrangør av UKM Hordaland i 2016, som antyda i siste brev frå Kultur- og idrettsavdelinga, vil me gjerne vite kva me kan gjere betre til neste år. Spørsmålet blir då: Kva kriterier låg til grunn for val av teknisk arrangør for UKM Hordaland 2015? Og kva er grunngevinga for at Hbur ikkje vart vald som arrangør i 2015?

Hbur takkar elles for tidligare års oppdrag med å vere arrangør for UKM Hordaland, og ser fram til eit vidare godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune i åra som kjem.

Med venleg helsing

For styret i Hbur



Øystein Rambjørg  
Styreleiar



Ruben Dyrhovden  
Nestleiar

Vedlegg:

1. Utkast av samarbeidsavtale vedrørande UKM Hordaland 2015-2016, motteke 20.10.14.
2. E-postkorrespondanse med Kultur- og idrettsavdelinga frå 03.12.14 til 12.01.15.

Kopi:

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet v/leiar Anne Beth Njærheim.  
Hordaland fylkeskommune, Kontrollkomiteen v/leiar Torill Vebeustad.



## Vedlegg 2

### Korrespondanse i sakens anledning



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

**KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA**  
Kunst- og kulturformidling - Kultur- og idrettsavd

Øystein Rambjørg  
Brørakastet 63 A  
5911 Alversund

Dato: 02.12.2014  
Vår ref.: 2014/986-13  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## **Brev vedrørende Ungdommens Kulturmønstring (UKM)**

Med bakgrunn i ei grundig prosess har kultur- og idrettsavdelinga bestemt at UKM Hordaland 2015 vil bli arrangert med AKKS Bergen som samarbeidspartnar. Hordaland fylkeskommune vil kome attende til ei ny vurdering for eit eventuelt samarbeid med Hordaland Barne- og Ungdomsråd for UKM Hordaland 2016.

Hordaland fylkeskommune vil rette ei stor takk til Astrid Marthinussen for innsatsen ho har gitt, saman med Hordaland Barne- og Ungdomsråd, for UKM Hordaland.

Vennleg helsing

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
Seksjonsleiar/Utviklingsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Ronny Skaar <Ronny.Skaar@hfk.no>  
**Sendt:** 12. januar 2015 15:43  
**Til:** 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Emne:** SV: Hei sender du meg svaret du ga meg tidligere idag vedr. UKM  
**Vedlegg:** GetDoc.pdf

Hei.

Jeg sendte det tidligere på din gamle adresse. Men her er det på nytt.

Hilsen Ronny

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [mailto:post@hbur.no]  
**Sendt:** 12. januar 2015 15:33  
**Til:** Ronny Skaar  
**Emne:** Hei sender du meg svaret du ga meg tidligere idag vedr. UKM

Møtet starter om 45 minutter.

Astrid M i Hbur



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)



## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Øystein Rambjørg (1) <oeram@online.no>  
**Sendt:** 9. januar 2015 11:35  
**Til:** 'Marianne Ose Askvik'  
**Kopi:** 'Ronny Skaar'; 'Ruben Dyrhovden'; 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Emne:** SV: UKM Hordaland

Hei Marianne

Godt nyttår og takk for samarbeidet i det gamle.

Har de i fylkeskommunen teke ei endeleg avgjerd mtp teknisk arrangør for UKM 2015?

Dersom andre aktører er forespurt, så forventar me i HBUR at fylkeskommunen følgjer dei lovar og reglar som gjeld for offentlege anskaffelser av denne storleik, og at HBUR og får delta i ein slik "anbudskonkurranse" på like vilkår med eventuelle andre aktører.

Me skal ha styremøte på førstkomande mandag ettermiddag, så det hadde vore fint om de kunne gje oss ei tilbakemelding om status før dette møtet.

Med venleg helsing

Øystein Rambjørg  
Leiar i styret i HBUR

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik [mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no]  
**Sendt:** 15. desember 2014 15:13  
**Til:** Øystein Rambjørg (1)  
**Kopi:** Ronny Skaar  
**Emne:** SV: UKM Hordaland

Hei Øystein,

Takk for dette. Du vil få tilbakemelding når det er tatt ei endeleg avgjerd.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdeling | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øystein Rambjørg (1) [mailto:oeram@online.no]  
**Sendt:** 14. desember 2014 21:22  
**Til:** Marianne Ose Askvik; 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Kopi:** Ronny Skaar  
**Emne:** SV: UKM Hordaland

Hei

Har De teke ei endeleg avgjerd i denne saka. Me ventar i spenning.

HBUR sitt tilbod om å gjera arbeidet som teknisk arrangør for kr. 160 000,- står framleis ved lag. Dette er eit tilbod der HBUR sine kostnader på ein nøktern måte er stipulert ut frå dei oppgåvene som er skissert i avtaleutkastet med Dykk i samanheng med UKM-arrangementet for 2015.

Me har i første omgang engasjert Cathrine L. Torsvik fram til nyttår som vikar med hovudvekt på UKM-arbeidet, men treng ei avgjerd frå Dykk for å kunne vurdere ei vidareføring av dette engasjementet utover i 2015.

Mvh

Øystein Rambjørg  
Leiar i styret i HBUR

Brørakastet 63 A, 5911 Alversund  
Tlf.: 56 35 29 55 / 474 88 165 (privat/arbeid) / 5550 5402 (arbeid)  
E-post (privat): [oevrambi@online.no](mailto:oevrambi@online.no) og [oeram@online.no](mailto:oeram@online.no)  
E-post (arbeid): [orambjorg@mil.no](mailto:orambjorg@mil.no)

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik [<mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>]  
**Sendt:** 3. desember 2014 22:58  
**Til:** 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Kopi:** Ronny Skaar; 'Øystein Rambjørg'  
**Emne:** UKM Hordaland

Hei,

Takk for epost, Astrid. Eg tok dette opp med Ronny vedrørende utforminga av avtale med ei teknisk arrangør for fylkesmønstringa 2015 vi no jobbar med.

Vi vil minne om at vi enno ikkje har inngått avtale om arbeidet med UKM Hordaland for 2015.

Etter våre drøftingar med Hbur har vi vurdert tilbakemeldingane og har vendt oss til andre aktuelle partnarar.

Vi gjer no ein heilskapleg vurdering og vil kome attende med ei endeleg avgjerd neste veke.

Vennleg helsing

Ronny Skaar

og

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdeling | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [<mailto:post@hbur.no>]  
**Sendt:** 3. desember 2014 11:38  
**Til:** Marianne Ose Askvik  
**Emne:** Cathrine på plass

Ringte deg på kontoret – hørte du var bortreist.

I dag er Cathrine startet sitt arbeid med UKM for oss i Hbur. Vi håper dere kan komme sammen i løpet av neste uke og eventuelt gjøre en arbeidsfordeling med UKM fremover.



Kanskje skulle også hun stå på forsiden som kontaktperson all den tid at Kristin fortsatt er sykemeldt.

Ha noen fine dager – hvor du enn er.

Astrid

PS- skal vi snakkes om skjema driftsstøtte også i gang i neste uke?

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 5. januar 2015 10:23  
**Til:** 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Emne:** SV: Automatisk svar: Gruppe

Eg beklagar sterkt at de ikkje har fått brevet. Eg skal følgje dette opp i dag.

Godt nyttår! Eg håpar du har hatt ein fin ferie.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsvdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [mailto:post@hbur.no]  
**Sendt:** 5. januar 2015 08:48  
**Til:** Marianne Ose Askvik  
**Emne:** SV: Automatisk svar: Gruppe

Er spent på svaret om UKM – håper vi får et svar i dag slik at vi vet hva vi gjør viderere mht vikaren hos oss.  
Astrid  
Godt nyttår forresten.

**Fra:** Marianne Ose Askvik [mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no]  
**Sendt:** 27. desember 2014 09:43  
**Til:** Hordaland barne- og ungdomsråd  
**Emne:** Automatisk svar: Gruppe

Takk for din e-post.

Eg har ferie fram til 5.januar.

Sjekker e-post innimellom. Om noko haster, send e-post til [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no).

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Rådgjevar  
Kultur- og idrettsvdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling  
Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 17. desember 2014 09:57  
**Til:** 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Emne:** SV: Teknisk arrangør i UKM 2015

Som vi skrev tidlegare, har vi vore i dialog med andre aktørar. Det er ikkje teke ei endeleg avgjerd, og de vil få brev så snart det er gjort.

Takk for alle epostane om profilerte deltakarar!

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdeling | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [mailto:post@hbur.no]  
**Sendt:** 17. desember 2014 09:19  
**Til:** Marianne Ose Askvik  
**Emne:** Teknisk arrangør i UKM 2015

På byen i går fikk jeg høre at AKKS er de som skal ha ansvar for det tekniske i UKM 2015. Medfører det riktighet- i så fall bør vi få en melding fra dere om dette er tilfelle.

Vennlig hilsen  
Astrid Marthinussen  
Hbur – vikar.



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)



## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 12. desember 2014 09:19  
**Til:** 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Emne:** SV:

Hei Astrid,

Takk for dette. Men på møtet la dere frem at honoraret skulle være på 160 000 kroner. Hvor står det skrevet, vet du det?

Hilsen Marianne

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [mailto:post@hbur.no]  
**Sendt:** 12. desember 2014 09:16  
**Til:** Marianne Ose Askvik  
**Emne:**

Tror det bare var dette vi hadde med oss til møtet i forrige måned.

God helg

Snakkes

Astrid



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 25. november 2014 12:43  
**Til:** Hordaland barne- og ungdomsråd (post@hbur.no)  
**Emne:** faktura til kommunene

Hei Astrid,

Vi skal nå sende ut faktura til kommunene for betaling av UKM-materiell. Jeg lurer derfor på om du kan sende meg et eksempel på en faktura dere sendte i fjor?

Hilsen marianne☺

**Marianne Ose Askvik**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsvdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Emne:** Avbrutt: MØT: UKM  
**Plassering:** Mitt kontor

**Start:** on 19.11.2014 12:00  
**Slutt:** on 19.11.2014 13:00  
**Vis tid som:** Ledig

**Regelmessighet:** (ingen)

**Møtestatus:** Ikke svart ennå

**Arrangør:** Marianne Ose Askvik

**Viktighet:** Høy

Fast møte om UKM Hordaland. Har sendt to innkallinger; en for hver første onsdag i måneden og en for hver tredje onsdag i måneden.

Hilsen Marianne☺



## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Øystein Rambjørg <oeyrambj@online.no>  
**Sendt:** 28. oktober 2014 21:33  
**Til:** 'Marianne Ose Askvik'; 'Hordaland barne- og ungdomsråd'  
**Kopi:** 'Ronny Skaar'  
**Emne:** SV: Møte om UKM

Hei

Eg har ikkje fått sjekka ut kalendaren min på arbeid, så eg må ta atterhald om eventuelle møtekollisjonar, men elles så reknar eg med at det skal gå greit.

Mvh

Øystein Rambjørg  
Leiar i styret i HBUR

Brørakastet 63 A, 5911 Alversund  
Tlf.: 56 35 29 55 / 474 88 165 (privat/arbeid) / 5550 5402 (arbeid)  
E-post (privat): [oeyrambj@online.no](mailto:oeyrambj@online.no) og [peram@online.no](mailto:peram@online.no)  
E-post (arbeid): [orambjorg@mil.no](mailto:orambjorg@mil.no)

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik [<mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>]  
**Sendt:** 28. oktober 2014 10:10  
**Til:** Hordaland barne- og ungdomsråd ([post@hbur.no](mailto:post@hbur.no)); 'Øystein Rambjørg'  
**Kopi:** Ronny Skaar  
**Emne:** Møte om UKM

Hei,

Viser til tidlegare møte om avtaletilbod om UKM. Vi ønskjer ei avklaring på vegen vidare og føreslår nytt møte tysdag 4.november kl10:00-10:30.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**  
Rådgjevar  
Kultur- og idrettsavdeling | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 23. september 2014 11:57  
**Til:** Øystein Rambjørg  
**Kopi:** Hordaland barne- og ungdomsråd  
**Emne:** Brev til Hordaland barne- og ungdomsråd  
**Vedlegg:** Brev til Hordaland barne- og ungdomsråd.pdf

Til styreleiar i Hordaland barne- og ungdomsråd,

Vedlagt er brev med invitasjon til møte.

Høyrer frå deg.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Rådgjevar

Kultur- og idrettsdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

## Hordaland barne- og ungdomsråd

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik <Marianne.Ose.Askvik@hfk.no>  
**Sendt:** 22. september 2014 14:17  
**Til:** Hordaland barne- og ungdomsråd  
**Emne:** SV: Møte med Astrid

Hei Kristin,

Flott! Jeg legger det inn i kalenderen og kommer til dere.

Hilsen Marianne☺

**Marianne Ose Askvik**  
Rådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Hordaland barne- og ungdomsråd [mailto:post@hbur.no]  
**Sendt:** 22. september 2014 12:54  
**Til:** Marianne Ose Askvik  
**Emne:** Møte med Astrid

Heisann!

Astrid kan komme på et møte fredag 3.okt kl 12. Tror det er greit om vi tar det her på kontoret siden det er her alle papirene ligger.

Med vennlig hilsen  
Kristin Frotjold  
Organisasjonssekretær  
Hordaland barne- og ungdomsråd, HBUR  
Tlf: 55 96 10 37  
[www.hbur.no](http://www.hbur.no)